

Ås-elevar tevla om den beste nynorskteksten

Jentene tok premiane



LEVERTE PÅ NYNORSK: Dei tre premievinnarane Amalie Kastlegard Sønvisen, i midten Solveig French Bolstad og Amalie Sponberg, mellom Bård Kolltveit (til venstre) og Arne Oddvar Skjelvåg (til høgre) fra Ås mållag. **BEGGE FOTO: SOLVEIG WESSEL**

Ved Ås vidaregåande skule har 200 elevar på fyrste trinn leika seg med tekstar på nynorsk. Det fekk dei skryt for.

SOLVEIG WESSEL
solweig.wessel@oblad.no

ÅS: Det var Ås mållag som for andre året på rad inviterte elevane til ei tevling om å skriva den beste teksten på sidemålet. To oppgåver frå kvar klasse, 14 i alt, vart med til finalen.

- Dette gjer me for å stimulera til å benytta nynorsk. Særst hyggeleg er det at det var skulen som tok kontakt denne gongen for å få i stand tevlinga. No håpar me at dette kan inspirera andre skular til å gjera det same, sier Bård Kolltveit.

Ei fin tolking

Torsdag vart vinnarane kåra og det var leiar i Ås mållag, Arne Oddvar Skjelvåg og nestleiar Bård Kolltveit, som delte ut premiane. Fyrstepremien

var det Solveig French Bolstad frå 1STC som fekk. I vurderinga av hennes tekst heter det:

- Teksten «Kva er eg?» er dikt i bunden form. Ei fin og var tolking av biletet der fløyta spelar hovudrolla. God, bortimot feilfri nynorsk, stram verseform og gode enderim. Dette er poesi.

- Dette var overraskande. Eg likar norsk, men det er realfag som er faget mitt, sier Bolstad stolt.

- Kva forhold har du til nynorsk?

- Far min er frå Valdres og har nynorsk som hovudmål, så noko har eg fått med meg opp gjennom åra, sier ho.

Solveig meiner det er viktig å ta vare på nynorsken og likar at det er eit fag i skulen.

- Kvifor valde du å skriva eit dikt?

- Det er moro å skriva dikt. Då kan eg skriva på rim og bruka humor. Dette var moro, seier ho.

To jenter delte andreplassen. Amalie Kastlegard Sønvisen og Amalie Sponberg.

Sønvisen vart premiært for diktet «Einsemd», medan



VINNAREN: Leiar i Ås mållag, Arne Oddvar Skjelvåg, les grunngevinga for å gi fyrstepremien til Solveig French Bolstad.

Sponberg hadde levert eit kåseriinspirert essay med tittelen: Formålslaust kåseri.

Alle tre premievinnarane fekk gavekort og blomster.

Kva er eg?

Eg er ein pinne
som kan lette på sinne
Eg forvandlar luft til vakre tonar
som er verdt meir enn millionar

Eg er av tre, eg er av stål

Eg kan brenne på eit bål
Eg kan vera sur
meir enn du trur

Eg er eit instrument
Med fleire argument
Eg er gamal, eg er ung
Eg er lett, eg er tung

Eg er billeg, eg er dyr
Eg kan gjere ditt hovud yr.
Eg er eit rør
Som gjer deg ør
I volum er eg liten

Men eg har den feitaste beaten.
Eg syng for mange, eg syng for få
Eg syng for gamle, eg syng for små

Eg er harmoni
Og kan syngje melankoli
Eg spelar i dur og moll
Og har for det meste full kontroll

Guten har berre meg
Eg styrar han på riktig veg
Han vil heller vera Myllarguten
Enn å vera han som bles i tuten

Eg kan spele klassisk og rock
Men då får folk lett sjokk
Ein gong var eg med i Jethro Tull
Med han der, som hadde hår
som ull

Eg kan syngje alt
Både søtt og salt
Eg kan styre slange og katt
Langt inn i den mørke natt

Til guten som aleine sit
gjev eg vakre tonar litt etter litt
Om du lurar på kva eg er
Så kjem svaret her
Eg er ei fløyte

Av Solveig French Bolstad